



Så vart det sol att og det hadde tydelegvis ein gunstig verknad på besøket i Cafe TI-aren. Allereie ei stund før stengjetid har det vore innom 45 vaksne og 8 born og ein må mange tysdagar attende for å finna eit så godt besøk.

Mange av gjestane var turistar, men det var og eit solid innslagfrå Uskedalen.

Dei fine og solide utansdørsmøblane er ein positiv faktor, ein annan at det går an å få seg ein husketur (biletet).

uskedalen.no høyrer at det er planar om å skaffa fleire leike-apparat, og det er nok ein god ide!

(Foto: Ola Matti Mathisen)